

En TEKST fra www.dreieskiva.com - Roald's rom i rommet.

Outlines Sal 46. Vår Gud han er så fast ei borg

Roald Kvam © 2008

1. *Innleiing.*

a) **Form.**

- Salmetypen tillitssalme. Vi møter eit samla folk som saman uttrykker si tillit til Herren, og talar difor om ein "kollektiv tillitssalme" (sml Sal 23).
- Ein Sionsalme (sml Sal 48: 76: 84: 87).

b) **Inndeling.**

- Salmen deler seg i tre deler ut frå innhald, refreng og ordet "sela":
 - 1: Overskrift
 - 2-4: Gud vil verna sitt folk om skaparverket rokkes.
 - 5-8: Gud vil verna Sion om folkeslag truar.
 - 9-12: Gud vil verna og skapa evig fred.
- 8. 12 = refreng.
- 4. 8. 12 = "sela".

c) **Bakgrunn.**

- Ein prøver å tidfesta salmen ut frå det som vert skrive om fare og trengsel, og m.a har assyrarane si kringsetjing av Jerusalem i 701 f.Kr vore nemnt (2 Kong 18, 13-20, 19; Jer 36-39).

2. *Salmen i ein sum.*

- Salmen handlar om den trygggleiken Israel opplevde når forholdet til Herren var i orden. Då opplevde dei Gud som tilflukt og som vern. Gud ynskte å vera det under alle forhold – til alle tider.
- Guds makt femner om alle krefter i natur og i historie. Han mål med historia er fredsriket.
- Gud maktar å verna sitt folk til fredsriket er oppretta i heile sin fullnad.

3. *Aktuell bodskap.*

- Den kristne menighet har ikkje noko tempel eller Sion som sin stad for å søka Gud, men Jesus.
- Ved trua på Jesus kjenner vi Gud som vår tilflukt og vår styrke.
- Ved trua på Jesus har vi vårt vern under alle forhold - til alle tider.
- Ved trua på Jesus går ein ikkje fri alle trengsler (jfr Sal 23, 4), men ingen trengsel kan skilja oss frå fredsriket og fredsstiftaren (jfr Rom 8, 38-39).



Dreieskiva.com